



Sunnfjord
kommune




Halbrend barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	18	17	18
Barn over tre år	36	36	36
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	359	359	359
Arealutnytting kvm	270	264	270
Kapasitet arealplassar	79,8	79,8	79,8
Arealplassar i bruk	60	58,7	60
Ledige arealplassar	19,8	21,1	19,8

Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	5,5	4,2
Barnehagelærar	0,0	1,4
Fagarbeidar	2,4	2,4
Assistent	4,2	4,5
Snittalder		47,4

Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,6	6	5,9	6

Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	16,8	14,7	15,3	13,1

Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 508 777	8 363 128	8 177 334	9 845 243
Budsjett	7 559 839	8 300 136	8 229 893	9 792 029
Kostnad per heiltidsplass	137 021	154 873	151 432	182 319

Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Flatene skule, Halbrend skule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Halbrend er ein sentrumsbarnehage, og det er utvikling både innanfor bustad og næringslivet i Førde.

Bygningsmasse

Byggeår	1977, nye renovering og nytt tilbygg mellom 1994-2016.
Areal	667 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	359 kvm
Uteareal	3 823 kvm

Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	2,3 km
Avstand til Ytre Hafstad barnehage	2 km
Avstand til Slåttebakkane barnehage	1,3 km

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Pedagogar på kvar avdeling, samt god tilgang på barnehagelærarar
- Tilpassar læringsaktivitetar til ulike aldersgrupper
- Barnehagen har dei siste åra jobba med vaksen-barn relasjonen. Det relasjonelle og vaksenrolla er avgjerande for kvaliteten på arbeidet i barnehagen
- Barnehagen er gode på kognitive og emosjonelle utviklingsaktivitetar
- Barnehagen har jobba/jobbar med tryggleikssirkelen, og det å møte barna på kjensler

Forbetringsområder

- La assistentar få høve til å ta fagbrev
- Intern kompetanseheving på ulike tema
- Kollegarettleiing
- Få tilsett pedagog med vidareutdanning i spesialpedagogikk

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har ein godt fungerande kontorfløy med arbeidsrom for pedagogar, samt personalrom/pauserom med plass til heile personalgruppa
- Barnehagen har moglegheit til å samle barnegruppa i eit rom ved fellesarrangement
- Barnehagen har eit stort uteområde med mykje naturområde
- Barnehagen har stor og god sandkasse med leikehytter inn mot sandkassa

Forbetringsområder

- Soveplass/vognrom er for lite, og ligg på baksida av barnehagebygget
- Uteområde er stort, og det er ynskjeleg med fysisk inndeling av uteområde. Dette for å kunne skilje små barn og store barn
- Uteområde er prega av slitasje, og treng vedlikehald/oppgradering
- Treng rom til gruppeinndeling på småbarnsavdelingane
- Betre ventilasjon

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er mykje brukt på ettermiddagane for barn som bur i nærmiljøet
- Bra for barna å gå i barnehage i same område som skulen dei soknar til
- Barnehagen har god lokasjon i nærmiljøet med nærleik til Halbrend og Flatene skule. Dette gjer logistikken for foreldre enklare

Forbetringsområder

- Kan søkje om midlar til oppgradering av uteområde, saman med grendelaget, og på den måten gjere nærmiljøet meir attraktivt

Andre innspel

- Å investere i barnehage er førebygging. Gode rammer for barn og tilsette gir gode og gunstige oppveksttilhøve.
- Prioritere tidleg innsats og nok tilsette for å kunne gje den støtta og hjelpa barn og familiar treng
- Auke grunnbemanninga i barnehage – tidleg innsats som førebygging
- Sunnfjord kommune må halde fram med kontinuerleg barnehageopptak. Dette er viktig for foreldre, både dei som bur her og for dei som eventuelt ynskjer å flytte til kommunen

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Halbrend barnehage følger bemanningsnorma, men ikkje pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei oppgradert siste gong i 2016. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre fasilitetar for tilsette, allrom og optimale areal til å sove/kvile for barna. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, og søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet.

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).